

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

15. søndag i treeiningstida - 2. september 2018

Preiketekst: Luk 10, 38-42

Lesetekst I: 2 Mos 19, 1-6

Lesetekst II: Fil 4, 10-14

From nok?

Om dagen:

Tema for denne søndagen kan gå i retning av kva plass Jesus får i liva våre og kva det fører til av prioritering. Vi må likevel passe på så vi ikkje gjere det for enkelt og stereotyp for oss. Vi skal ikkje velje mellom lov-vegar, mellom den som ikkje maktar alt som skal gjerast og den som maktar å vere from nok.

Lesetekstene gir nokre innsteg som kan treffe litt ulikt med tanke på evangelieteksta si hovudsak. Orda frå Gud ved Sinai i Exodus 19 startar med å vise til Guds frelsande handling. Deretter ber han folket om å lytte til Guds røyst med tanke på å halde hans pakt, slik at dei kan vere Guds heilage eigeomsfolk. Det kan peike mot Marias posisjon ved Jesu føter. I Fil 4 minner Paulus om at det går an å ha både lite og mykje av mat og det materielle - og uavhengig av dette vere sterk i Herren. Det kjem i alle fall nær eitt av Jesu poeng til Marta.

Om teksta:

Lukas er aleine om denne forteljinga, men han er ikkje aleine om å nemne Jesu gode relasjon til søskena i Betania. Sidan vi veit frå Johannes at søskena budde i Betania, er dette det næraste vi kjem hos Lukas at Jesus kom til Jerusalem andre gongar enn til sin død. Det er elles Johannesevangeliet som hjelper oss til å dra ut Jesu offentlege teneste til eit mulig treårs-perspektiv.

Forteljinga følgjer direkte etter likninga om den miskunnsame samaritanen, som også er særstoff for Lukas. Vi skal seinare sjå at det spørsmålet som innleiar den samtalen, truleg heng igjen når vi kjem til vår forteljing: «Kva skal eg gjere så eg kan arve evig liv?» (v. 25)

Velstående

Jesus kom altså til landsbyen Betania på besøk til Marta og Maria. Lasarus blir ikkje nemnt. Marta betyr «frue». At dei har ein heim der dei tar imot gjester, og at Maria seinare brukte ein svært dyr salve på Jesus (Joh 12, 1ff), tyder på at dei var relativt velstående. Det kan vere ein rik arv, eller kanskje peikar det på at storesøster ein gong hadde vore frue med eige hus og at ho no var enke. Det veit vi ikkje, men vi veit at desse relativt velstående søskena tok i bruk heimen sin til beste for Jesus og læresveinane og andre venner.

Hendinga er ganske velkjent for oss, med Maria som tar plass ved Jesu føter, mens Marta trippar rundt og ordnar med hus og mat og drikke. Kanskje blir vi også litt opprørt saman med Marta. Det blei ikkje Jesus. Kva er kontrastane her? Kva står det om?

Læresveinplassen

For det første merkar vi oss at Maria set seg ved Jesu føter og tar dermed ein posisjon som læresvein. Hos Lukas føyer dette seg inn i bildet av Jesus som ein som opna opp for kvinnene i sin flokk av etterfølgjarar (Luk 8, 1-3). Truleg var det relativt eineståande av ein rabbi i samtida. Det braut i alle fall med dei haldingane som mange andre uttrykte. Det er ingen grunn til å tru at Jesus var på reise aleine. Truleg var dei tolv der, og kanskje var det også andre menn og kvinner i følgjet hans. Poenget er at Maria finn plassen sin mellom desse som Jesus underviste. I det ligg det eit sterkt sosialt signal om korleis Jesus løfta kvinnene. Dette svarar til det bildet som NT elles teiknar. Kanskje er dette poenget forankra i at han som er rabbi her, ikkje blir kalla rabbi (lærer) men Kyrios (Herre) (v. 40), og det med rette.

Diakonia

Marta tok vertskapsoppgåva på alvor, og ved dette høvet med det vi ville kalle høg stressfaktor. Det er som om gresken vil seie at ho gjekk rundt seg sjølv. Det vakre ordet «teneste» (diakonia) som blir brukt både som substantiv og verb i vers 40, er blitt ei bør. Ho er lessa ned med for mykje diakonia. Søstra har overlata til henne å gjere teneste. Derfor ber ho Jesus gripe inn med sin autoritet. I eit fullt hus med gjestar kan kommentaren neppe ha laga god stemning.

Den eine strevar med å ordne til sitt eige bord. Den andre har sett seg ved bordet til han som ein gong sa at menneska ikkje lever berre av brød men av ordet frå Guds munn (Mat 4, 4). Dette er ein kontrast som teksta vil ha fram. Den eine har funne plassen ved føter som har stansa ved henne. Den andre får ikkje føtene sine til å gå fort nok. Marta sitt problem denne dagen var den uroa for ytre ting som Jesus åtvara så sterkt imot i Bergpreika (Mat, 6, 25.34), med eitt av dei same orda som han adresserer til Marta (merimao).

Fullkomen lov

Andre delen av Jesus svar, v. 42, peikar tilbake på spørsmålet som den lov-kunnige stilte Jesus i v. 25. Likninga om den miskunnsame samaritanen er hos Lukas truleg berre del ein i svaret på spørsmålet om å arve evig liv. Den skisserer den fullkomne lova sin veg med å elske Gud og vår neste i vidaste forstand. Det var i seg sjølv grensesprengande overfor ei lovforståing som ville avgrense definisjonen av nesten til sine jødiske landsmann.

I forteljinga om søstrene kjem ei anna side ved svaret tydelegare fram. Det ligg i understrekinga av at «eitt er nødvendig» (som er den mest sannsynlege leseforma frå gresk). Kva er dette eine, som Maria altså hadde valt? Her hamnar vi ofte i ei ny form for from lovtrelldom når vi les, samtalar om eller forkynner frå denne teksta. «Maria valde ein meir from aktivitet enn Marta. Det bør vi også gjere.» Men det vi oppnår, er å stille Marta si viktige teneste i eit dårleg lys, samtidig som vi mister evangeliet i det Jesus vil seie til oss.

Tenesta si kjelde

Diakonia – teneste – som Marta ved dette høvet blei så sliten av, er viktig både i disippelen og disippelfellesskapets liv. NT har utelukkande eit godt forhold til dette ordet, og det står sentralt. Vår teneste må likevel ha si kjelde i ein annan si teneste. Vår teneste på springe ut av at Jesus i sin store kjærleik tener oss først. Skal vi ha noko å gi, må vi få det. Det var Marias gode og umistelege del. Det var heilt sikkert Martas gode del også, men det var vel for henne som det er for oss, når kvardagens uro tar overhand. Vi gløymer så lett. Det er derfor vi treng å minnast på evangeliet kvar dag. Vi treng evangelieordet frå han som er Ordet.

Berre eitt er nødvendig for å arve evig liv. Derfor må kvinner som menn passe på å sitte ved Herren Jesu eigne føter og ta imot frå han, han som ikkje kom for å la seg tene men for sjølv å tene (Mat 20, 28).

Om preika:

I lys av dette er det viktig at vi ikkje snakkar ned den gode tenesta, og det er viktig at vi ikkje hamnar i from moralisme. Forkynninga må her, som alltid, sikte mot evangeliet. Eg har i forkynninga ofte tru på å følgje teksta slik eg har gjort over, men den må sjølvstøtt føre til spørsmålet om kva dette betyr for trua vår og liva våre i vår kvardag. Det gjer at prioriteringsspeørsmålet også høyrer med. Nokre knaggar å henge stoffet i preika på kan vere:

1) Når tenesta blir tung å bere. 2) La deg tene av han som ber deg. 3) Ten andre med den styrken Herren gir.

Ein annan variant kan vere: 1) Kvinnene som følgde Jesus. 2) Ved Jesu føter. 3) Føter som ikkje finn ro. 4) Det eine nødvendige for etterfølgjarar.

Rolf Kjøde

Leiar for strategisk utvikling NLA Høgskolen

Rolf.Kjode@NLA.no